

---

**Fra:** Lyder Leithaug <lyderkonrad@gmail.com>  
**Sendt:** fredag 15. februar 2019 14:48  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Per Sveinar Morsund  
**Emne:** Byggesak gnr 133 bnr 79 Dykkar sak 16 / 2625

Lindås kommune  
byggesak

att: Siril Sylta og Per Sveinar Morsund

Byggesak på gnr 133 bnr 79 Dykkar sak 16 / 2625

Hei,

Eg vart kontakta 12. februar om eg kunne ta meg av ei byggesak i kommunen dykkar på som gjeld referansen eg har oppgjeve.

I går var eg på synfaring på eigedomen og hadde møte med tiltakshavar og grunneigar, Remi-Andre Tofting som bur på denne adressa.

Eg har fått tilgang til ein kopi av brev frå kommunen datert 31.01.2019

Eg berre nemner kort kva eg observerte ved synfaringa:

1. Søknadspliktig del av terrasse er fjerna. Eg har ikkje sett den ulovleg oppsette terrassen, men kun status i går.
2. Støypte fundament for terrassen er rive, og gjerde av trekledning vert snart erstatta med nettinggjerde.
3. Tilkomst til eigedom over gnr 133 bnr 66 vert sperra med gjerde med det aller første. Det vil seie i løpet av dei komande to vekene.
4. Tiltakshavar ynskjer å gjera lovleg ny leilighet som er etablert i underetasje. Dette vil mellom anna krevje nabovarsling og komplett søknad om dette.

Eg er engasjert som ansvarleg søker, og vil bidra til rask saksgang frå mi side i denne saka. Då den omtala endringa i underetasjen treng å nabovarslast, vil eg søkje om forlenga tidsfrist på å få tilhøva i lovlege former. Det hadde soleis vore fint å få ein frist ut mars månad når det gjeld å få sendt kommunen dei vedlegg som trengs i saka.

med venleg helsing

Lyder Konrad Leithaug,

Bønesskogen 3 B, 5154 Bønes  
mobil 92013472

arkitekt - ingeniør Foretak: org nr 874 630 942